

Oppslagsnr.	Løpe- nr.	Skrivemåtar i off. bruk i dag	Vedtak	Namneobjekt	Merknader
1082097	1	<i>Bitdalsbu</i>	<i>Bitdalsbu</i>	Bruk 130/17	<p><u>Skrifttradisjon:</u> Bruksnamnet er skrive <i>Bitdalsbu</i> i dagens matrikkel.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Bitdalsbu</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bitdalsbu</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av bruksnamnet synest uproblematisk og er soleis også nytta i dagens matrikkel. Kartverket fastset på dette grunnlag <i>Bitdalsbu</i> i samsvar med lokalt innspel og Språkrådets tilråding, jf. § 1 i lov om stadnamn.</p>
	2	<i>Bitdal med Boshovd</i>	<i>Bitdal med Boshovd - vedtaket gjeld berre skrivemåten av namnet Bitdal</i>	Bruk 131/7	<p><u>Skrifttradisjon:</u> Bruksnamnet er skrive <i>Bitdal med Boshovd</i> i både matrikkelutkastet frå 1950 og i dagens matrikkel.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Bitdal</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bitdal</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av bruksnamnet synst uproblematisk og er soleis også nytta i både matrikkelutkastet frå 1950 og i dagens matrikkel. Kartverket fastset på dette grunnlag <i>Bitdal</i> i samsvar med lokalt innspel og Språkrådets tilråding, jf. § 1 i lov om stadnamn.</p>
1082098	3	<i>Bitdal I Dam</i>	<i>Bitdalsdammen</i>	Bruk 141/40	<p><u>Skrifttradisjon:</u> Bruksnamnet er skrive <i>Bitdal i dam</i> i dagens matrikkel.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Bitdal</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bitdal</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vurderinga på løpenr. 7. Skrivemåten av førelekken i namnet synst uproblematisk. I dagens matrikkel er namnet skrive <i>Bitdal i dam</i>, og me kan samstundes sjå at bruk 135/45 (utgått) hadde skrivemåten <i>Bitdal II dam</i> . Funksjonsordet <i>-dammen</i> burde soleis framleis vera ein del av skrivemåten for bruksnamnet. Kartverket fastset på dette grunnlag skrivemåten <i>Bitdalsdammen</i> , jf. § 1 i lov om stadnamn.</p>

792294	4	<i>Bitdalen</i>	<i>Bitdal</i>	Dal	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalane /bi`tdal/, /bit`da:l/, /bi`ttda:løn/ og /bit`ta:l/ registrert for namnet på dalen. I Kjell Venås si bok <i>Norske innsjønamn IV Telemark fylke</i> under namnet <i>Bitdalsvat(net)</i> på side 96 kjem det mellom anna fram at "Dalnamnet i utm. lekken er laga av elvenamnet Bitu." og det kjem fram at Kiær nemner 'den bidende kolde' som mogleg tyding av elvenamnet, men trur det er meir rimeleg at namnet kjem av gno bit n 'beite, fehamn' (NG 459).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Skrivemåten <i>Bitdal</i> er nytta i økonomisk kartverk, medan <i>Bitdalen</i> er nytta i kartserien Norge 1:50 000 i utgåvene frå 1984, 1993, 2004 og 2013.</p> <p><u>Høyrings svar:</u> Skrivemåten <i>Bitdal</i> er notert i innspelet frå Rauland fjellstyre.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bitdal</i> i samsvar med lokalt ynskje og fleirtalet av uttaleopplysningar i heradsregisteret.</p> <p><u>Vurdering:</u> I punkt 2 i dei utfyllande reglane står det fylgjande: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." Skriftforma <i>Bitdalen</i> i bunden form er nytta i alle utgåvene av kartserien Norge 1:50 000, medan <i>Bitdal</i> i ubunden form er nytta i økonomisk kartverk. Skrivemåten i ubunden form samsvarer med fleirtalet av uttaleopplysningane i heradsregisteret. Skrivemåten <i>Bitdal</i> vert fastsett i samsvar med lokalt innspel, uttaleopplysningane og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>
--------	---	-----------------	----------------------	-----	---

853304	5	<i>Bitdalsvatn / Bitdalsvatnet</i>	Bitdalsvatn	Vatn	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /bit`dalsvat`n/, /bi`tda:lsvatn/ registrert. I Kjell Venås si bok <i>Norske innsjønamn IV Telemark fylke</i> er uttalen av namnet registrert i både bunden og ubunden form, /bitt`dalsvatn(ə)/ på side 96.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I økonomisk kartverk frå 1970 og i Norge 1:50 000 i utgåvene 1952 og 2013 er skrivemåten <i>Bitdalsvatn</i> nytta, medan i utgåvene frå 1984, 1993 og 2004 finn me skrivemåten <i>Bitdalsvatnet</i>.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Bitdalsvatn</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bitdalsvatn</i>.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vurderinga for løpenr. 4. Skrivemåten <i>Bitdalsvatn</i> vert fastset som skrivemåte i samsvar med lokale innspel, skrifttradisjonen, uttaleopplysingane og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>
3663	6	<i>Vesle Bitdalsvatn / Vesle Bitdalsvatnet</i>	Vesle Bitdalsvatn	Vatn	<p><u>Skrifttradisjon:</u> Namnet er skrive <i>Vesle Bitdalsvatnet</i> gjennomgåande i kartserien Norge 1:50 000 i perioden 1984-2013.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Vesle Bitdalsvatn</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Vesle Bitdalsvatn</i>.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vurderinga for løpenr. 4 og 5. Skrivemåten <i>Vesle Bitdalsvatn</i> vert fastset som skrivemåte i samsvar med lokale innspel, uttaleopplysingane og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>

793358	7	<i>Bitdalsdammen</i>	<i>Bitdalsdammen</i>	Dam	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /bittalsdammen/ registrert.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I økonomisk kartverk frå 1970 og i Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Bitdalsdammen</i> nytta gjennomgåande i perioden 1984-2013.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Bitdalsdammen</i> er notert i innspelet frå Rauland fjellstyre og skrivemåten <i>Bitdalsdammen</i> frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bitdalsdammen</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> I punkt 2 i dei utfyllande reglane står det fylgjande: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." Skriftforma <i>Bitalsdammen</i> i bunden form er nytta i både økonomisk kartverk og i alle utgåvene av kartserien Norge 1:50 000. Skrivemåten i bunden form samsvarer også med uttaleopplysningane i heradsregisteret. Skrivemåten <i>Bitdalsdammen</i> vert fastset som skrivemåte i samsvar med lokalt innspel, uttaleopplysningane og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>
--------	---	----------------------	-----------------------------	-----	--

854626	8	<i>Store Kolsnuten / Store Kollsnuten / Store Kolsnut</i>	Store Kollsnut	Fjell	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalane /sto:`ræ kó`llsnu:t/ og /kó`llsnüt/ registrert. Sistnemnde uttaleopplysning er registrert med merknaden "Sjå Store og Litle Kollsnut. Namnet Kollsnut er truleg ein samansetning med nut ha. til eigefall av eit eldre namn *Koll, rund nut.". I Kjell Venås si bok <i>Norske innsjønamn IV Telemark fylke</i> under namnet <i>Kolsnutgryslene</i> på side 235 står det at "Nutnamnet i fyrstelekken er laga med nyno <i>kol</i> n 'karbon' og går på mørk, kolvoren farge."</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>st. Kolsnut</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Store Kolsnuten</i> nytta gjennomgåande i perioden 1984-2013.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Store Kolsnut</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Store Kollsnut</i> og skriv "<i>Koll</i> - med dobbel konsonant i samsvar med uttaleopplysningene".</p> <p><u>Vurdering:</u> I denne saka må det vurderast korleis førelekken i namnet skal skrivast (<i>Kol</i>-/<i>Koll</i>-), og om namnet skal skrivast i bunden eller ubunden form. Skrivemåten med <i>Kol</i>- er nytta gjennomgåande i dei skriftlege kjeldene, jf. ovanfor, men denne skrivemåten er ikkje i samsvar med uttaleopplysningane i heradsregisteret. Ein skrivemåte av førelekken med <i>Koll</i>- er i samsvar med uttaleopplysningane i heradsregistret og kan truleg sjåast i samanheng med ordet <i>koll</i> m 'knaus; fjelltopp', ref. merknaden på arkivkortet i heradsregisteret. Kartverket sluttar seg difor til Språkrådet si tilråding og vedtek skrivemåten <i>Store Kollsnut</i> i samsvar med uttalen, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.</p>
--------	---	---	-----------------------	-------	---

914659	9	<i>Vesle Kolsnuten</i>	<i>Vesle Kollsnut</i>	Ås	<p><u>Uttale:</u> i Heradsregisteret er oppslagsforma <i>Vesle Kolsnut</i> og uttalane /kó'lsnu:t/ og /kó'lsnūt/ registrert. I tilrådinga frå Språkrådet kjem det også fram at "Eit anna arkivkort har berre Kolsnuten /ko'lsnu:tən/."</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>vle Kolsnuten</i> nytta i perioden 1984-2004 og <i>Vesle Kolsnuten</i> i utgåva frå 2013.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Skrivemåten <i>Vesle Kolsnut</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Vesle Kollsnut</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> jf. vurderinga på løpenr. 8. Kartverket vedtek skrivemåten <i>Vesle Kollsnut</i> i samsvar med uttaleopplysningane, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.</p>
--------	---	------------------------	------------------------------	----	---

489693	10	<i>Kolsnutgryslin</i>	<i>Kollsnutgryslene</i>	Vatn	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /ko`llsnutgryfslunne/ registrert, og der står det mellom anna at «Siste lekk i namnet Kollsnutgryfslone er bundi fleirtal til ei gryfsla, gry`ffsle, storsteinut eller urdut og ujamt, hòlut lende». I tilrådinga frå Språkrådet står det at "Eit anna arkivkort i heradsregisteret har uttalen /ko´llsnu:tgryslinæ/. <i>Norsk ordbok</i> har forma <i>gryfse</i> , utan -l-, og ut ifrå tydinga er det dette ordet som er lagt til grunn for forklaringa i Heradsregisteret. I tillegg er det for uttalen opplyst om ulike vokalismar i endinga (-ine, -one , /-unne/)." I Kjell Venås si bok <i>Norske innsjønamn IV Telemark fylke</i> er namnet skriva <i>Kolsnutgryslene</i> på side 234. Det står mellom anna at "Sistelekken -gryslene må ein sjå saman med fyrstelekken Grisle-/Grysl- i andre innsjønamn og med vb <i>grisle</i> 'spreie tynt utover' og liknande tydingar. [...] Flt. forma -gryslene (rett nok med runda vokal, noko som ikkje er funne i ordbøkene) svarar til ei eint. form *grysl f 'tynt lag (av noko) som er spreitt utover'. Her går det på vatn."</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>Kolsnutgryslene</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Kolsnutgryslin</i> nytta i perioden 1984-2013.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Kolsnutgryslin</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p>
--------	----	-----------------------	--------------------------------	------	---

489693	10			Vatn	<p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Kollsnutgryslene</i> og skriv at "Dei ulike endingane <i>-ine</i>, <i>-one</i> og <i>/-unne/</i>, skuldast uvisse om opphavet til grunnordet, for dei varierer på ein måte som høver for anten sterke eller for svake hokjønnsord, i samsvar med systemet i tradisjonell dialekt. Når situasjonen er slik, synest det rettast å bruke endinga <i>-ene</i> i rettskrivinga, som gjeld for alle hokjønnsord, og som er den Venås bruker."</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vurderinga på løpenr. 8. I tillegg må det vurderast om etterlekkjen i namnet skal skrivast <i>-ine</i>, <i>-une</i> eller <i>-ene</i>. I § 2 fyrste ledd i forskrift om stadnamn står det at "[s]krivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen." I punkt 4.3.3. i dei utfyllande reglane vert det opna for endingane <i>-in(e)</i> og <i>un(e)</i>, medan pkt. 4.3 fastset at "Ein kan nytte endingane <i>-ane</i>, <i>-ene</i> og <i>-a</i> i samsvar med rettskrivinga og dialektuttalen.". Skrivemåten med etterlekkjen <i>-ine</i> er nytta gjennomgåande i Norge 1:50 000 og det er samstundes kome ynskje om denne i høyringsfråsegna. Skrivemåten <i>-une</i> er i samsvar med uttalen som er registrert i heradsregisteret, og som ein ville venta dersom det er eit lint hokjønnsord *grylse som ligg til grunn, slik Venås skriv. Rettskrivingsforma <i>-ene</i> synest her å vera det mest nøytrale valet, sidan ein då slepp å byggja på usikre føresetnader om at eit sterkt eller eit lint hokjønnsord ligg til grunn. Kartverket sluttar seg til Språkrådet si tilråding og vedtek skrivemåten <i>Kollsnutgryslene</i>.</p>
--------	----	--	--	------	---

307655	11	<i>Kolsnutlægi / Kollsnutlega</i>	<i>Kollsnutlega</i>	Seter/støl	<p><u>Skrifttradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Kolsnutlægi</i> nytta i perioden 1984-2013.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Skrivemåten vesle <i>Kollsnutlega</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Kollsnutlega</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Når det gjeld førelekkjen i namnet fylgjer dette vedtaket om <i>Koll-</i>, jf. løpenummer 8. Det som må vurderast i tillegg er om namnet skal skrivast med etterlekkjen <i>-lægi</i> eller <i>-lega</i> . I samband med vedtak for fleire stadnamn på Hardangervidda har Johan Vaa, leiar i Vinje avdeling av Hardangervidda Grunneigarsamskipnad i brev datert 4.6.07 skrive at "Fleire stader er nytta ordet <i>-læger</i>, med eit forteljande ord fyre. Den lokale forma av dete er <i>lege(f)</i>. Det er og vanleg med bunden form [...]" og i brev datert 12.06.2007 nemner Vaa <i>Kollsnutlega</i> utrykkjeleg og skriv at "Staden ein heldt til (låg) med beitedyr heiter i mange målføre og på normalnynorsk eit <i>læger</i>. Den lokale nemninga er <i>lege(f)</i>. På kartet er nytta fleire urette variantar, <i>lægre</i>, <i>lægi</i>, <i>leget</i>. Det rette vil vera <i>Kråmdalslega</i>, <i>Tippetjønnlega</i>, <i>Kollsnutlega</i>, <i>Sveiplega</i>, <i>Tommelega</i>, <i>Midttjønnlega</i>. <i>Middagslega</i>." Skrivemåten <i>Kollsnutlega</i> vert fastset som skrivemåte i samsvar med Språkrådet si tilråding og punkt 4 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.</p>
--------	----	-----------------------------------	----------------------------	------------	--

125655	12	<i>Kolsnutvollen</i>	<i>Kollsnutvollen</i>	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> I heradsregistrert er uttalen /ko'lsnu:tvoddən/ registrert.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Namnet er skrive <i>Kolsnutvollen</i> gjennomgåande i Norge 1:50 000 i perioden 1984-2013.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Kolsnutvollen</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Kollsnutvollen</i>.</p> <p><u>Vurdering:</u> I denne saka må det vurderast om etterlekken i namnet skal skrivast <i>-voddən</i> i samsvar med dialekten eller <i>-vollen</i> i samsvar med rettskrivinga. I forskiftens § 1 første ledd står det mellom anna at "Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, når ikkje anna følgjer av reglane nedanfor."</p> <p>Skriftforma <i>Kolsnutvollen</i> er nytta i alle utgåvene av kartserien Norge 1:50 000 og er i samsvar med rettskrivinga. Skrivemåten <i>Kollsnutvollen</i> vert fastset som skrivemåte i samsvar med uttaleopplysningane og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrifta.</p>
--------	----	----------------------	------------------------------	------------	---

64348	13	<i>Stålan</i>	<i>Stålan (hovudnamn)</i> <i>Homvasstålan</i> <i>(undernamn)</i>	Bruk 119/3	<p><u>Uttale:</u> I <i>Norske Gaardnavne</i> er oppslagsforma <i>Homvasstaalene</i> og uttalen /hó`mmvasstålanne/ registrert. Vidare står det at "Ligger ved et Vand, Homvatn. Da 1ste Stavelse har lukt o, maa vi vel her have det Ord Hom med lang, lukt Vokal, som Indl. S. 57 anføres som en af Nutidsformerne af Ordet hvammr; den lange Vokal kan være forkortet i S sammensætning. Sidste Led er Flt. i best. Form af Staul m., Støl, som paa disse Kanter har to Flertalsformer, Staular og Staalar, det sidste helst om Høslætter paa Fjeldet (Ross)." Heradsregisteret har registrert uttalen /hó`mvasstålann/, og i merknaden står mellom anna «vert òg kalla Stålan». I tilrådinga frå Språkrådet kjem det også fram at det i eit anna arkivkort er uttalane /stå:`lan/ og /ho`mmvasstå:lan/ registrert. Eit tredje kort har oppslagsform Stålan og uttale /stå:`lan/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Økonomisk kartverk og kartserien Norge 1:50 000 nyttar skrivemåten <i>Stålan</i> i utgåva frå 1970 og gjennomgåande i perioden 1952-2011. I 1886- og 1905-matriklane og dagens matrikkel er skrivemåten <i>Homvaasstaalene</i> registrert, medan i matrikkelutkastet frå 1950 er skrivemåten <i>Homvass-Stålene</i> nytta.</p>
-------	----	---------------	---	------------	--

64348	13			Bruk 119/3	<p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Stålan</i> og skriv at "<i>Norsk ordbok</i> har målføreforma <i>stålar</i> (i fleirtal) som variant for <i>støl</i>. Forma synest godt innarbeidd og er nytta som føreledd i fleire andre namn. Dei nyare uttaleopplysingane har den einstava endinga <i>-an</i> (bunden fleirtal), medan <i>Norske Gaardnavne</i> har tostava ending (<i>-anne</i>). Den einstava er i samsvar med tradisjonell dialekt. Om bruken av målføreforma <i>stålar</i> nemner vi òg denne setninga under «1 Grunnleggjande omgrep» i Utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn: «Etter normeringstradisjonen er det vanleg å leggje sterkt avvikande dialektformer nær opp til uttalen ...»."</p> <p><u>Vurdering:</u> I både økonomisk kartverk og i alle utgåver av kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Stålan</i> med endinga <i>-an</i> nytta gjennomgåande i bunden form eintal. I punkt 4.3.1 i dei utfyllande reglane finn ein fylgjande ordlyd: "I bunden form fleirtal kan artikkelen få ei eller to stavingar i samsvar med dialektuttalen." Reglane seier vidare at ein kan nytta <i>-an</i> når dialektuttalen er slik. Ein skrivemåte med endinga <i>-an</i> samsvarer soleis også med uttaleopplysingane i heradsregisteret. Det er tidlegare også gjort vedtak om skrivemåten <i>Årbogan</i> i Vinje kommune. Kartverket fastset på dette grunnlag skrivemåten <i>Stålan</i> i samsvar med uttalen, skrifttradisjonen og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 fyrste ledd i lova. I tillegg vedtek Kartverket langforma <i>Homvassstålan</i> som undernamn, sidan det namnet òg må reknast å ha vern som nedervt namn etter § 3 i lova, jf. både uttaleopplysingane i <i>Norske Gaardnavne</i> og skrifttradisjonen i matrikklane.</p>
-------	----	--	--	------------	---

881464	14	<i>Ståleoddan</i>	<i>Ståloddan</i>	Nes	<p><u>Uttale:</u> Heradsregisteret har registrert uttalen /stå:l(ə)`oddan/.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> I økonomisk kartverk frå 1970 er skrivemåten <i>Ståleoddan</i> nytta.</p> <p><u>Høyrings svar:</u> Skrivemåten <i>Ståloddan</i> er notert i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Ståloddan</i> utan binde-e i samsvar med lokalt ynskje.</p> <p><u>Vurdering:</u> I punkt 6 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn står det at "[e]in bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar best med dialektuttalen." Skrivemåten med binde- e er nytta i både økonomisk kartverk og i uttaleopplysingane som er registrert i heradsregistrert, men det er kome lokalt ynskje med en skrivemåte utan binde-e . Sjølv om <i>Ståle</i> - er vanleg samansetjingsmåte, fell den trykklette e - en før vokalen bort i namna <i>Ståloddan</i>, <i>Stålhetta</i> og <i>Stålåsen</i> . Kartverket sluttar seg difor til Språkrådet si tilråding og fastset skrivemåten <i>Ståloddan</i> i samsvar med det lokale ynskjet.</p>
942464	15	<i>Stålebrotet</i>	<i>Stålebrotet</i>	Ås	<p><u>Uttale:</u> I heradsregistrert er skrivemåten <i>Stålebrotet</i> notert.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> I økonomisk kartverk frå 1970 er skrivemåten <i>Stålebrotet</i> nytta.</p> <p><u>Høyrings svar:</u> Skrivemåten <i>Stålbrotet</i> er notert i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Stålbrotet</i> utan binde-e i samsvar med lokalt ynskje.</p> <p><u>Vurdering:</u> I punkt 6 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn står det at "[e]in bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar best med dialektuttalen." Skrivemåten med binde-e er nytta i økonomisk kartverk og notert på arkivkortet i heradsregistrert. Sjølv om det er kome lokalt ynskje om <i>Stål</i>- utan binde-e, er vanleg samansetjingsmåte <i>Ståle</i> - med -e , jf. <i>Ståledokki</i> på løpenr. 18. Kartverket fastset skrivemåten <i>Stålebrotet</i> i samsvar med skriftradisjon og vanleg samansetjingsmåte, jf. § 1 i lov om stadnamn.</p>

759485	16	<i>Stålehetta</i>	<i>Stålhetta</i>	Ås	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalane /stå`lehetta/ og /stå:l`hætta/ registrert.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I økonomisk kartverk frå 1970 er skrivemåten <i>Stålehetta</i> nytta.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Skrivemåten <i>Stålhetta</i> er notert i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Stålhetta</i> utan binde-e i samsvar med lokalt ynskje.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vurderinga på løpenr. 14. Kartverket fastset skrivemåten <i>Stålhetta</i> i samsvar med Språkrådet si tilråding og lokalt ynskje.</p>
210963	17	<i>Ståleåsen</i>	<i>Stålåsen</i>	Høgde	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /stå:`lå:s`n/, /stå`leåsen/ registrert.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I økonomisk kartverk frå 1970 er skrivemåten <i>Ståleåsen</i> nytta.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Skrivemåten <i>Stålåsen</i> er notert i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Stålåsen</i> utan binde-e i samsvar med lokalt ynskje.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vurderinga på løpenr. 14. Kartverket fastset skrivemåten <i>Stålåsen</i> i samsvar med Språkrådet si tilråding og lokalt ynskje.</p>

854691	18	Ståldokki / Ståledokki	Ståledokki	Botn	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /stå:`lødokki/ registrert.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Ståldokki</i> nytta gjennomgåande i perioden 1984-2013.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Skrivemåten <i>Ståldokki</i> er notert i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Ståldokki</i> utan binde-<i>e</i> i samsvar med lokalt ynskje.</p> <p><u>Vurdering:</u> Leiar i Vinje avdeling av Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, Johan Vaa, opplyser i brev datert 14.8.21 at lokal uttale er heilt stø på <i>Ståledokki</i>, og at historielaget gjekk attende på høyringssvaret om <i>Ståldokki</i>. I punkt 6 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn står det at "[e]in bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar best med dialektuttalen." Skrivemåten utan binde-<i>e</i> er nytta gjennomgåande i alle utgåver av Norge 1:50 000, men samsvarar ikkje med uttaleopplysingane i heradsregisteret eller den oppgeve uttala hjå Vaa. I § 4 kjem det mellom anna fram at "dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale utalen". Kartverket fastset skrivemåten <i>Ståledokki</i> i samsvar med uttaleopplysingane, jf. § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
--------	----	---------------------------	-------------------	------	--

732687	19	Bjørnurdstøylen / Bjørnurdstaulen / Bjønnurstaule	Bjønnurstaule	Gamal busetjingsplass	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalane /bjø`nnurstaule/, /bjö`nnu:rstoulæn/ registrert.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Bjørnurdstaulen</i> nytta i utgåvane frå 1984, 1993 og 2004, medan <i>Bjørnurdstøylen</i> er nytta i utgåva frå 2013.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Bjønnurstaule</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag. Dei skriv samstundes merknaden om at "Lokal uttale av Bjørn er Bjønn, det er noko usemje om namnet bør skrivast Bjørn eller Bjønn."</p> <p><u>Tilråding:</u> I tilrådinga frå Språkrådet kjem det mellom anna fram at "Overgangen <i>rn > nn</i> er utbreidd i søraustlege delar av Sør-Noreg [...]. Skrivemåtar med <i>-nn-</i> kan derfor reknast som ei regional samleform [...]. Når det gjeld leddet <i>ur/urd</i>, er uttalen /u:r/ oppgjeven for dette namnet [...]. Rettskrivinga for nynorsk har begge variantene, og vi tilrår primært den som samsvarer med uttalen. For etterleddet har rettskrivinga berre skrivemåten <i>støl</i>, utan diftong. I namnenormeringa har <i>støyl</i> vore ei vanleg form ved sida av denne, men i Vinje kommune er det gjort fleire vedtak om adressenamn med <i>staul</i> [...]. Det er rimeleg at diftongen <au> representerer dialektuttalen på ein betre måte enn alternativet <øy>, og det er dessutan ein diftong som finst i rettskrivinga. Me vil på dette grunnlaget tilrå denne skrivemåten." Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bjønnurstaule</i>.</p>
--------	----	---	----------------------	--------------------------	--

732687	19			Gamal busetjingsplass	<p><u>Vurdering:</u> I denne saka må det både vurderast om førelekken i namnet skal skrivast <i>Bjørn-</i> eller <i>Bjønn-</i>, om <i>ur</i> skal skrivast <i>-urd-</i> eller <i>-ur-</i> og om etterlekken i namnet skal skrivast <i>-støylen</i> eller <i>-staulen</i>. I alle dei skriftlege kjeldene er skrivemåten av førelekken med <i>Bjørn-</i> nytta, men denne skriftforma er ikkje i samsvar med uttaleopplysingane hjå heradsregisteret. Skrivemåten av førelekken med <i>Bjønn-</i> har heimel i punkt 3.6 i dei utfyllande reglane, som opnar opp for bruk av skrivemåten <i>-nn-</i> for <i>-rn-</i> i samsvar med uttalen. Uttalen /bjønn/ vert stadfest av opplysningane i heradsregisteret. I forskriftens § 3 står det at "skrivemåten av norske stadnamn skal fylgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passer best med den nederve lokale uttalen." I tillegg må det vurderast om namnet skal skrivast <i>-ur-</i> eller <i>-urd-</i>. Skrivemåten med <i>-urd-</i> er nytta i dei skriftlege kjeldene, men uttalen har ikkje tjukk <i>l</i>, noko som kan tilseia skrivemåten <i>-ur-</i> i samsvar med lokale ynskje. Det må også vurderast om etterlekken i namnet skal skrivast <i>-støylen</i> eller <i>-staulen</i>. Ved søk i Sentralt stadnamnregister (SSR) kan me sjå at det er normeringspraksis for etterlekken <i>-staul</i> og <i>-staulen</i>. Til dømes er namna <i>Engstaul</i> og <i>Haugestaul</i> vedtekne skrivemåter. Skrivemåten av etterlekken med <i>-staulen</i> er soleis også i samsvar med skrivemåten som er nytta i nokre utgåver av Norge 1:50 000 og uttaleopplysingane i heradsregisteret. Skrivemåten <i>Bjønnurstaulen</i> vert fastset i samsvar med Språkrådet si tilråding, jf. §§ 1 og 4 i lov om stadnamn og punkt 3.6 i dei utfyllande reglane.</p>
--------	----	--	--	--------------------------	---

550658	20	<i>Bjørnurbekken / Bjønnurbekken</i>	<i>Bjønnurbekken</i>	Bekk	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /bjø`nnurbekkjen/ registert.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er namnet skrive <i>Bjørnurbkn</i> i utgåvne frå 1984 og 1993, medan <i>Bjørnurbekken</i> er nytta i utgåvene fra 2004 og 2013.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Bjørnurbekken</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag. Dei skriv samstundes merknaden om at "Lokal uttale av Bjørn er Bjønn, det er noko usemje om namnet bør skrivast Bjørn eller Bjønn."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv i si tilråding at "Det er ikkje sterk tradisjon for bruk av -j- i bunden form av <i>bekk</i>, og me vil tilrå skrivemåten i rettskrivinga.". Dei tilrår skrivemåten <i>Bjønnurbekken</i>.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av førelekken i namnet fylgjer av vedtaket om <i>Bjønnur-</i>, jf. løpenr. 19. Skrivemåten <i>-bekken</i> fylgjer av § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn: "Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving". Kartverket sluttar seg til Språkrådet si tilråding og vedtek skrivemåten <i>Bjønnurbekken</i>, jf. § 1 i lov om stadnamn.</p>
--------	----	--------------------------------------	-----------------------------	------	---

65681	21	<i>Bjørnurdbotnane / Bjønnurbotnin</i>	<i>Bjønnurbotnin</i>	Botn	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret (1963) er uttalen /bjø`nnurbottinn/ registrert.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Bjørnurdbotnane</i> nytta gjennomgåande i alle utgåvene i perioden 1984-2013.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Skrivemåten <i>Bjørnurbotn</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag. Dei skriv samstundes merknaden om at "Lokal uttale av Bjørn er Bjønn, det er noko usemje om namnet bør skrivast Bjørn eller Bjønn."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv i deira tilråding at "For etterleddet spriker opplysningane, både når det gjeld bunden/ubunden form og eintal/fleirtal. Heradsregisteret har uttale der leddet står i eintal og truleg i bunden form, men det er ikkje heilt opplagt. Historielaget ønsker eintal, ubunden form, og det er rimeleg å leggje det til grunn når det er så usikkert som det er." Dei tilrår <i>Bjønnurbotn</i>.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av førelekken i namnet fylgjer av vedtaket om <i>Bjønnur</i> -, jf. løpenr. 19. Det som må vurderast i tillegg er om etterlekken i namnet skal skrivast i bunden eller ubunden form, eintal eller fleirtal. Den registrerte uttalen representerer bunden form fleirtal av <i>botn</i>, jf. merknaden til namnet i heradsregisteret: "Det er eit samnamn i bundi hankyn fleirtal som svarar til Bjørnurdbotnane um botnar, kvelvar inn i lendet attmed Bjørnurde i deilde millom egedomen til garden Djuvik nedmed nordaustsida av Møsvatn og ein gard Vårlid som er utskild frå Djuvik."</p>
-------	----	--	-----------------------------	------	---

65681	21			Botn	<p><u>Framh. vurdering:</u> Namnet Sjudyrbotnane (Sjaudyrbotnin) er i heradsreg. oppgjeve med lik uttale av sistelekken. I e-brev datert 15.11.15 føreslår Johan Vaa <i>Bjønnurbottin</i>, og han meiner det er bunden form eintal. Men i Olai Skulerud si bok <i>Tinnsmaalet 1.1 (1922)</i> s. 340 går det fram at ordet <i>botn</i> i Tinn heiter /bött/, i bunden form eintal /bót't'n/, og i <i>Tinnsmaalet 1.2 (1938)</i> s. 665 går det fram at <i>-in</i> er ei vanleg ending i bunden form fleirtal i målføret. Uttaleforma /-böttinn/ må soleis representera bunden form fleirtal. Skrivemåten <i>botn</i> er i samsvar med rettskrivinga, jf. § 1 første ledd i forskrifta og fleirtalsendinga <i>-in</i> er i samsvar med punkt 4.3.3 i dei utfyllande reglane. Kartverket vedtek skrivemåten <i>Bjønnurbotnin</i> i samsvar med rettskrivinga, § 1 første ledd i forskrift om stadnamn og punkt 4.3.3 i dei utfyllande reglane.</p>
-------	----	--	--	------	---

550661	22	Nedre Bjørnurdjtønni / Nedre Bjørnurdjtørni	Nedre Bjønnurtjønni	Tjern	<p><u>Skrifttradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>nedre Bjørnurdjtj</i> nytta i utgåva frå 1984 og 1993, medan <i>nedre Bjørnurdjtørni</i> er nytta i 2004 og <i>nedre Bjørnurdjtønni</i> i utgåva frå 2013.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Skrivemåten <i>Nedre Bjørnurtjønni</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag. Dei skriv samstundes merknaden om at "Lokal uttale av Bjørn er Bjønn, det er noko usemje om namnet bør skrivast Bjørn eller Bjønn."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv i deira tilråding at "Merk at skrivemåten <i>-nn-</i> i leddet <i>-tjønni</i> gjeld same dialekttrekket som <i>-nn-</i> i ordet 'bjørn', og det bør vere same skrivemåte for desse, ikkje minst når dei er nytta i same namnet." Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Nedre Bjønnurtjønni</i>.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av førelekkjen i namnet fylgjer av vedtaket om <i>Bjønnur-</i>, jf. løpenr. 19. Det som må vurderast i tillegg er om etterlekkjen i namnet skal skrivast <i>-tjørni</i> eller <i>-tjønni</i>. Det er i dag ein eintydig normeringspraksis for <i>-tjønni</i> i Vinje kommune. Skrivemåten med <i>i</i>-ending er også eldre normeringspraksis og Vinje har denne endinga i målføret i ein del av heradet. Me er samde med Språkrådet i deira vurdering og vedtek skrivemåten <i>Nedre Bjønnurtjønni</i> i samsvar med lokalt ynskje.</p>
--------	----	---	----------------------------	-------	---

732700	23	Øvre Bjørnurdjtjønni / Øvre Bjørnurdjtjørni	Øvre Bjønnurtjønni	Tjern	<p><u>Skrifttradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>øv Bjørnurdjtji</i> nytta i utgåva frå 1984 og 1993, medan <i>øvre Bjørnurdjtjørni</i> er nytta i 2004 og <i>øvre Bjørnurdjtjønni</i> i utgåva frå 2013.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Skrivemåten <i>Øvre Bjørnurtjønni</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag. Dei skriv samstundes at "Lokal uttale av Bjørn er Bjønn, det er noko usemje om namnet bør skrivast Bjørn eller Bjønn."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Øvre Bjønnurtjønni</i> og viser til merknaden på løpenr. 22.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av førelekkjen i namnet fylgjer av vedtaket om <i>Bjønnur-</i>, jf. løpenr. 19. Det som må vurderast i tillegg er om etterlekkjen i namnet skal skrivast <i>-tjørni</i> eller <i>-tjønni</i>. Me er samde med Språkrådet i deira vurdering og vedtek skrivemåten <i>Øvre Bjønnurtjønni</i> i samsvar med lokalt ynskje.</p>
--------	----	--	--------------------	-------	--

186706	24	<i>Nibbane / Bjønnurnibbune / Bjønnurnibba</i>	Bjønnurnibba	Ås	<p><u>Uttale:</u> I tilrådinga frå Språkrådet kjem det fram at "Heradsregisteret har registrert /bjø`nnurnòbba/, som godt mogleg er ein variant av same namnet." I e-brev datert 12.10.21 skriv Johan Vaa at rett talemålsform er Bjønnurnibba.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Skrivemåten <i>Nibbane</i> er nytta gjennomgåande i kartserien Norge 1:50 00 i perioden 1984-2013.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Skrivemåten <i>Bjørnurnibba</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag. Dei skriv samstundes merknaden om at "Lokal uttale av Bjørn er Bjønn, det er noko usemje om namnet bør skrivast Bjørn eller Bjønn."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv i si tilråding at "Etterleddet er opplagt det same som i rettskrivinga har skrivemåten <i>nibbe</i> (hokjønnsord): «(truleg samanheng med nebb) framståande, spiss fjelltopp (med brattheng under)». Det samsvarer godt med lokaliteten. Den registrerte uttalen /-no`bba/ kan vere ei eldre dialektform av same ordet, men grunnlaget for det er høgst usikkert. Vidare er det eit nokså ope spørsmål om namnet skal stå i eintal eller fleirtal, og me tilrår det som er ønskt frå lokalt hald." Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Bjønnurnibba</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av førelekken i namnet følgjer av vedtaket om <i>Bjønnur-</i>, jf. løpenr. 19. Me er samde med Språkrådet og vedtek skrivemåten <i>Bjønnurnibba</i> i samsvar med lokalt ynskje.</p>
--------	----	--	---------------------	----	---

65795	25	<i>Hellevassbu</i>	<i>Hellevassbu</i>	Seter/støl - Ligg i Ullensvang kommune	<p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>Hellevassbu</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Hellevassbu</i> nytta gjennomgåande i utgåvene frå 1969, 1994 og 1997.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Tor Helge Haara Tjemsland skriv i brev datert 23.05.2021 at "Usikkert om dette er turisthytta, eller fjellstyrehytta. Om det er fjellstyrehytta, vert denne no lokalt omtala som "Gamlebua" - (bunden form). Turisthytta til DNT er den som no vert omtala som Hedlevassbu."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Hellevassbu</i> med merknaden "[...]jf. kommentaren om kva for hytte saka gjeld."</p> <p><u>Vurdering:</u> Denne saka gjeld namnet på stølen og ikkje namnet på verken turisthytta eller fjellstyrehytta. Skrivemåten <i>Hellevassbu</i> synest uproblematisk ut frå norsk rettskriving og er soleis også godt innarbeidd i dei skriftlege kjeldene, ref. ovanfor (kartet Hardangervidda og Norge 1:50 000). Kartverket fastset på dette grunnlaget <i>Hellevassbu</i> i samsvar med Språkrådets tilråding, jf. §§ 1 og 4 i lov om stadnamn.</p>
-------	----	--------------------	---------------------------	---	---

671743	26	<i>Hellevassdalen</i>	<i>Hellevassdalen</i>	Dal - Ligg i Ullensvang kommune	<p><u>Uttale:</u> I høyringsfråsegna frå Tor Helge Haara Tjemsland kjem det fram at <i>Vassdalen</i> er nytta i daglegtalen som namn på dette dalføret.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>Hellevassdalen</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Hellevassdalen</i> nytta i utgåvene fra 1969, 1997 og 2006, medan skrivemåten <i>Hellevassdalenen</i> er nytta i utgåva frå 1994. Skrivemåten <i>Hellevassdalenen</i> er truleg ein skrivefeil i utgåva.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Tor Helge Haara Tjemsland skriv i brev datert 23.05.2021 at "I daglegtalen er Vassdalen nytta som namn på dette dalføret, når ein er på plassen. Då det er fleire "Vassdalar" i nærområdet, refererer ein til denne som "Hedlevassdalen" i "større samanhengar"."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Hellevassdalen</i> og skriv at "Kartverket får vurdere om kortforma Vassdalen òg skal inn i SSR."</p> <p><u>Vurdering:</u> I § 4 kjem det mellom anna fram at "dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale utalen". I fråsegna fra Tor Helge Haara Tjemsland kjem det fram at det er <i>Hellevassdalen</i> som er nytta i daglegtalen. Skrivemåten er også godt innarbeidd i dei skriftlege kjeldene, jf. ovanfor (kartet Hardangervidda og Norge 1:50 000), og Kartverket ser ikkje nokon grunn til å ta inn kortforma i tillegg. Kartverket fastset på dette grunnlag <i>Hellevassdalen</i> i samsvar med lokalt ynskje, den vanlege uttala i dag og Språkrådets tilråding, jf. §§ 1 og 4 i lov om stadnamn.</p>
--------	----	-----------------------	------------------------------	--	---

1082354	27	<i>Hellevotna</i>	<i>Hellevotna</i>	Gruppe av vatn Ligg i både Vinje og Ullensvang kommune	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /hedd`evatn/ (Vinje) og /hedl`evatn/ (Røldal) registrert. Eit anna arkivkort har /hedd`evotne/ (Vinje) og /hedl`evåtna/ (Røldal).</p> <p><u>Vurdering:</u> Ut frå dei registrerte uttaleopplysingane i heradsregisteret kan me sjå at fleirtalsformen av namnet også er oppgjeve. Dette danner grunnlag for å kunne registrerte og vedta eit fellesnamn for vatna (Øvre Hellevatn og Nedre Hellevatn). Ein skrivemåte <i>-votna</i> i etterleddet av fellesnamnet for <i>Øvre</i> og <i>Nedre Hellevatn</i> er ei dialektform som har nær samanheng med ei gamalnorsk form. Skrivemåten av etterlekken med <i>-votna</i> har soleis heimel i punkt. 3.8 i dei utfyllande reglane, som opnar for at gammalnorske trekk i uttalen som elles har falt bort i norsk, kan visast i skrivemåten. Me kan også ved søk i Sentralt stadnamnregister sjå at det i Ullensvang er normeringspraksis for bruk av etterlekken <i>-votna</i> . Det er mellom anna gjort vedtak om namna <i>Tuftevotna</i>, <i>Langevotna</i>, <i>Steggjavotna</i> mfl. På dette grunnlag fastset Kartverket fellesnamnet <i>Hellevotna</i>, <i>jf.</i> uttaleopplysingane og punkt 3.8 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.</p>
---------	----	-------------------	--------------------------	--	---

808547	28	<i>Øvre Hellevatnet</i>	<i>Øvre Hellevatn</i>	Vatn - Ligg i Ullensvang kommune	<p><u>Uttale:</u> sjå, løpenr. 29. Det kjem også fram i fråsegnet frå Tor Helge Haara Tjemsland at skrivemåten <i>Øvsta Hedlevatn</i> er i samsvar med den lokale uttalen i Røldal.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>Øv. Hellevatn</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Hedlevatnet</i> nytta i utgåva frå 1969, medan <i>Øvre Hellevatnet</i> er nytta i utgåvene frå 1994, 1997 og 2006.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Tor Helge Haara Tjemsland skriv i brev datert 25.05.2021 at skrivemåten <i>Øvsta Hedlevatn</i> samsvarar med lokal uttale i Røldal.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Øvre Hellevatn</i> og viser til omtale og vurdering for namnet <i>Nedre Hellevatn</i>. Dei skriv at "Sidan vatna ligg i tilknytning til kvarandre med presiserande føreledd, vil me tilrå same skrivemåte. De same gjeld føreleddet <i>Øvre/Øvsta</i> , der med tilrår at rettskrivinga blir lagt til grunn."</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vurderinga på løpenr. 29. Kartverket vedtek skrivemåten <i>Øvre Hellevatn</i> i samsvar med uttaleopplysningane, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.</p>
--------	----	-------------------------	------------------------------	---	--

610787	29	Nedre Hellevatnet / Hedlevatnet	Nedre Hellevatn	Vatn - Ligg i både Vinje og Ullensvang kommune	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /hedd`evatn/ (Vinje) og /hedl`evatn/ (Røldal) registrert. Eit anna arkivkort har /hedd`evotne/ (Vinje) og /hedl`evåtna/ (Røldal). Det kjem også fram i fråsegnet frå Tor Helge Haara Tjemsland at skrivemåten <i>Nedsta Hedlevatn</i> er i samsvar med den lokale uttalen i Røldal.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>ned Hellevatn</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Hedlevatnet</i> nytta i utgåva frå 1969, medan <i>Nedre Hellevatnet</i> er nytta i utgåvene frå 1994, 1997 og 2006.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Tor Helge Haara Tjemsland skriv i brev datert 25.05.2021 at skrivemåten <i>Nedsta Hedlevatn</i> samsvarar med lokal uttale i Røldal. Skrivemåten <i>Nedre Hellevatn</i> er notert i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Nedre Hellevatn</i> . De skriv mellom anna at "Uttaleopplysningane syner den tradisjonelle dialektskilnaden mellom aust og vest, der gammalnorsk <i>-ll-</i> blir (eller blei) uttalt <i>-dd-</i> i Vinje og <i>-dl</i> i Ullensvang. Rettskrivinga har her <i>-ll-</i>, og den skrivemåten har også vore brukt. Det er ikkje grunnlag for å tilrå den eine dialektvarianten framfor den andre, og derfor er det rettast å tilrå skrivemåten som er i samsvar med rettskrivinga. Mykje av det same gjeld det førestilte utmerkingsleddet <i>Nedre/Nedsta</i> . [...]</p>
--------	----	------------------------------------	------------------------	--	---

610787	29			Vatn	<p><u>Fort. tilråding:</u> Forma med endinga -a tilsvarer dialektuttalen i Ullensvang, medan tradisjonell dialekt i Vinje truleg har hatt endinga -e. I denne situasjonen er det nærliggjande å tilrå forma i rettskrivinga, dvs. Nedre. Derimot er det samsvar i uttaleopplysningane ved at namnet står i ubestemt form (-vatn)[...]."</p> <p><u>Vurdering:</u> I denne saka må det vurderast om førelekken i namnet skal skrivast <i>Hedle-</i> eller <i>Helle-</i>, og om namnet skal skrivast i bunden eller ubunden form. I dei skriftlege kjeldene er skrivemåten av førelekken med <i>Hedle</i> - nytta i ei utgåve, medan <i>Helle</i> - er nytta i fleire utgåver, jf. ovanfor (kartet Hardangervidda og Norge 1:50 000). I punkt 2 i dei utfyllande reglane står det fylgjande: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." Me er einige med Språkrådet i deira vurdering omkring uttaleopplysningane som kjem fram i heradsregistrert. I fråsegna frå Tor Helge Haara Tjemsland kjem det fram at Nedsta Hedlevatn samsvarer med den lokale uttalen i Røldal, medan Rauland historielag har notert skrivemåten Nedre Hellevatn. Skriftforma i bunden form er nytta i alle utgåvene av kartserien Norge 1:50 000, medan skrivemåten i ubunden form samsvarer med uttaleopplysningane i heradsregisteret. Me sluttar oss difor til Språkrådet si tilråding og legg den skrivemåten som er i samsvar med rettskrivinga til grunn for namnet. Kartverket fastset skrivemåten <i>Nedre Hellevatn</i> i samsvar med skrifttradisjonen, lokalt ynskje, rettskrivinga og Språkrådet si tilråding.</p>
--------	----	--	--	------	--

610790	30	<i>Store Urevatnet / Store Urdevatnet / Store Urevatn / Store Urvatn / Stora Uravatnet</i>	<i>Stora Uravatnet (sidenamn) / Urevatn (sidenamn)</i>	Vatn - Ligg i både Vinje og Ullensvang kommune	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er det eit arkivkort med oppslagsforma <i>Urdevatn</i> og uttalane /úr`avatn/ (Røldal) og /úr`evotn (Vinje). I Kjell Venås si bok <i>Norske innsjønamn IV Telemark fylke</i> er uttalen /u:`rəvatn/ notert på side 414. Det kjem fram i fråsegna frå Tor Helge Haara Tjemsland at skrivemåten <i>Stora Uravatnet</i> er i samsvar med den lokale uttalen i Røldal.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>st. Urdevatn</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>st. Urevatnet</i> nytta i utgåva frå 1969, medan i utgåvene frå 1994, 1997 og 2006 finn me skrivemåten <i>Store Urevatnet</i> .</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Tor Helge Haara Tjemsland skriv i i brev datert 25.05.2021 at skrivemåten <i>Stora Uravatnet</i> samsvarar med lokal uttale i Røldal. Skrivemåten <i>Store Urevatn</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv i tilrådinga at "Her er både -e- og -a- oppgjeve som bindevokal, noko som samsvarer godt med at Ullensvang tradisjonelt har a-mål medan Vinje ikkje har det (jf. M. Skjekkeland: <i>Dei norske dialektane</i> , 1997, s. 73). Venås: <i>Norske innsjønamn IV</i> dekkjer Telemark fylke, og uttalen for vatna i Vinje med dette førsteleddet er også der oppgjeve med bindevokal -e- (s. 414). Sidan det her er dialektforskjell, tilrår vi den forma som samsvarer med rettskrivinga, både for hovudnamnet og utmerkingsleddet." Dei tilrår skrivemåten <i>Store Urevatn</i> i ubunden form i samsvar med uttaleopplysningane i heradsregistrert og ynskjet frå historielaget.</p>
--------	----	--	---	--	---

610790	30			Vatn	<p><u>Vurdering:</u> I denne saka må det vurderast om namnet skal skrivast med bindevokal eller ikkje, og i bunden eller ubunden form. Det er også aktuelt å gjera vedtak om to parallelle namneformer (sidenavn), sidan Ullensvang-sida nyttar variasjonstillegget Stora til skilnad frå Vetla Uravatnet, medan Vinje-sida helst brukar Urevatn utan variasjonstillegg. I dei utfyllande reglane står det at "Hovudregelen er altså at ein skal velje den rettskrivingsforma eller den regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen [...] Viktige prinsipp i denne samanhengen er konsekvens og einskap. Det vil seie at same ordet eller same målmerket som hovudregel blir skrive likt innanfor same dialektområdet/kommune. Desse prinsippa tilseier t.d. at dersom ein fastset Vetla Uravatnet som skrivemåte, bør ein òg fastsetja Stora Uravatnet innanfor same dialektområde. Johan Vaa skriv fylgjande i e-brev datert 16.08.2021: "I Røldal, derimot, jar ein samanbindingsvokal, Uravatn. Der brukar ein og bunden form, og for å skilje frå eit mindre vatn inne i Ullensvang, Stora Uravatnet, Me seier berre Urvatn, ubunden form".</p>
--------	----	--	--	------	---

610790	30			Vatn	<p>I punkt 6 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn står det at "[e]in bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar best med dialektuttalen." Forma med binde-a er nytta i uttaleopplysingane for Røldal som er registrert i heradsregisteret, og det er kome lokalt ynskje med en skrivemåte med binde-a, medan forma med binde-e er nytta i samtlege av dei skriftlege kjeldene og i uttaleopplysingane frå Vinje i heradsregisteret. Når det gjeld dei registrerte uttaleopplysingane i heradsregisteret, kan me sjå at uttalen er oppgjeven i ubunden form for namnet i Røldal medan bunden form er oppgjeve i fråsegna frå Tor Helge Haara Tjemsland som gjeld lokal uttale i Røldal. Både i heradsregisteret og hjå Venås er forma i ubunden form eintal nytta for namnet i Vinje kommune. I punkt 2 i dei utfyllande reglane står det fylgjande: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen.". Skriftforma av etterlekken med -vatnet i bunden form er nytta i fleire utgåver av kartserien Norge 1:50 000, medan -vatn i ubunden form er nytta i kartet Hardangervidda. På dette grunnlaget fastset Kartverket <i>Stora Uravatnet</i> og <i>Urevatn</i> som sidenamn, jf. uttaleopplysingane, skrifttradisjonen og lokale ynskje, jf. §§ 1 og 4 i lov om stadnamn.</p>
--------	----	--	--	------	--

308656	31	<i>Vetla Uravatnet / Vetla Urdavatnet</i>	Vetla Uravatnet	Vatn - Ligg i Ullensvang kommune	<p><u>Uttale:</u> Det kjem fram i fråsegna frå Tor Helge Haara Tjemsland at skrivemåten <i>Vetla Uravatnet</i> er i samsvar med den lokale uttalen i Røldal.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>l. Urdevn</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er <i>l. Urdavnt</i> . nytta i utgåvene frå 1970 og 1995, medan skrivemåten <i>Vetla Uravatnet</i> er nytta i utgåvene frå 1996 og 2007.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Tor Helge Haara Tjemsland skriv i i brev datert 25.05.2021 at skrivemåten <i>Vetla Uravatnet</i> samsvarar med lokal uttale i Røldal.</p> <p><u>Tilråding:</u> I tilråding frå Språkrådet skriv dei mellom anna at "Det er sterk tradisjon for bruk av den utbreidde dialektforma <i>vetle/vetla</i> i skrivemåtar av namn, også i Ullensvang, og ho kan derfor reknast som ei regional samleform [...]. Når det gjeld endingsvokalen i utmerkingsleddet og bindevokalen i hovudleddet, er <i>-a</i> i samsvar med lokal uttale. Me har tilrådd vokalen <i>-e</i> som bindevokal for dei namna som gjeld både Vinje og Ullensvang, men dette vatnet ligg i sin heilskap innanfor Ullensvang, og me vil derfor tilrå den skrivemåten som er i samsvar med lokale ønske, og som representerer tradisjonell dialekt i kommunen. Eit tilleggsargument for dette er at dei to namneledda må sjåast i samanheng. Dersom ein vel å nytte dialektforma i det eine tilfellet (<i>Vetla</i>), blir det problematisk å ikkje gjere det i det andre leddet, sidan heilskapen då framstår som ein hybrid (blandingsform).</p>
308656	31			Vatn	<p>Kan hende kunne ein nytta ei meir standard-lik ending i det første leddet (<i>Vetle</i>), men då ville denne ordforma ende opp som ein hybrid, sidan konsonantkombinasjonen <i>-tl-</i> for <i>-sl-</i> er dialektal og ikkje finst i rettskrivinga." Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Vetla Uravatnet</i>.</p> <p><u>Vurdering:</u> jf. vurderinga på løpenr. 30 for <i>Store Uravatnet</i> . Me sluttar oss til tilrådinga frå Språkrådet og vedtek skrivemåten <i>Vetla Uravatnet</i> i samsvar med den oppgjevne uttala, skrifttradisjonen og Språkrådet si tilråding, jf. §§ 1 og 4 i lov om stadnamn.</p>

490659	32	<i>Uranuten / Urduuten / Urdenuten /</i>	<i>Uranuten / Urenuten</i>	Topp - Ligg i både Vinje og Ullensvang kommune	<p><u>Uttale:</u> Det kjem fram i fråsegna frå Tor Helge Haara Tjemsland at skrivemåten <i>Uranuten</i> er i samsvar med den lokale uttalen i Røldal.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>Urdent</i> .</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Tor Helge Haara Tjemsland skriv i i brev datert 25.05.2021 at skrivemåten <i>Uranuten</i> samsvarar med lokal uttale i Røldal. Skrivemåten <i>Urenuten</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Urenuten</i> og viser til merknader for <i>Store Urevatn</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Me har vore i kontakt pr. telefon (20.9. og 21.9.) med både Vinje og Ullensvang kommune og fått stadfesta at namnet ligg i både kommunane. I denne saka er det då også aktuelt å gjera vedtak om to parallelle skriftformer, sidan namnet ligg på kommunegrensa mellom Vinje og Ullensvang kommune, som har ulike dialekttrekk, jf. § 4 fjerde ledd i lov om stadnamn og vurderinga for namneleddet <i>Ura-</i> og <i>Ure-</i> på løpenr. 30. På dette grunnlag fastset Kartverket <i>Uranuten</i> og <i>Urenuten</i> som parallelle former, jf. uttaleopplysingane frå Tjemsland, lokale ynskje og Språkrådet si tilråding, jf. §§ 1 og 4 i lov om stadnamn.</p>
--------	----	--	-----------------------------------	--	---

610906	33	Urdeskar / Urdeskard	Ureskar	Skar - Ligg i Vinje kommune	<p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>Urdeskard</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Urdeskar</i> nytta i utgåva frå 1971, medan <i>Ureskard</i> er nytta i 1994 og 1995, og <i>Urdeskard</i> i utgåva frå 2007.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Tor Helge Haara Tjemsland skriv i i brev datert 25.05.2021 at skrivemåten <i>Uraskar</i> samsvarar med lokal uttale i Røldal. Skrivemåten <i>Ureskar</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Ureskar</i> og viser til vurderinga for namnet <i>Store Urevatn</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Førelekkjen fylgjer vi vedtaket om <i>Ure-</i> i namnet <i>Urevatn</i> på løpenr. 30 i samsvar med Vinje-målet sidan dette namnet ligg inne i Vinje kommune. Det som må vurderast i tillegg er om etterlekkjen i namnet skal skrivast <i>-skard</i> eller <i>-skar</i> . I punkt 3.5 i dei utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn står det at "I område med uttalen tjukk l av gammalnorsk rð skal vanleg rd nyttast. Til dømes skal uttalen /ska:r/ til vanleg skrivast <i>Skard</i> (rettskrivingsform), ikkje <i>Skar</i> (anna rettskrivingsform) eller <i>Skal</i> (lokal dialektform).» Ein uttale med tjukk l av gammalnorsk rð er ikkje i samsvar med den lokale uttalen i dette området. Skrivemåten <i>Ureskar</i> vert fastset i samsvar med lokalt ynskje og Språkrådet si tilråding, jf. §§ 1 og 4 i lov om stadnamn.</p>
--------	----	-------------------------	----------------	--------------------------------	---

307778	34	<i>Urevassbekken</i>	<i>Urabekken</i> (sidenamn) / <i>Urevassbekken</i> (sidenamn)	Bekk - Ligg i både Vinje og Ullensvang kommune	<p><u>Uttale:</u> Heradsregisteret har eit arkivkort med oppslagsforma Urdebekken og uttalane /úr`abekkjen/ (Røldal) og /úr`ebekkjen/ (Vinje). Det kjem også fram i fråsegnet frå Tor Helge Haara Tjemsland at skrivemåten <i>Urabekkjen</i> er i samsvar med den lokale uttalen i Røldal.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Urevassbkn</i> nytta i utgåva frå 1969, medan <i>Urevassbekken</i> er nytta i 1994, 1997 og 2006.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Tor Helge Haara Tjemsland skriv i i brev datert 25.05.2021 at skrivemåten <i>Urabekkjen</i> samsvarar med lokal uttale i Røldal. Skrivemåten <i>Urevassbekken</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv i si tilråding at "Her spriker dei lokale ønska, men uttale-opplysingane samsvarer ved at dei manglar leddet -vass-, noko også det eine ønsket gjer. Det er derfor rimeleg å leggje det til grunn for val av namneform". Dei viser også til vurderinga for namnet <i>Store Urevatn</i> for førelekken <i>Ure -/Ura -</i> og <i>Bjønnurbekken</i> for <i>-bekken /-bekkjen</i> . Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Urebekken</i> .</p>
307778	34			Bekk	<p><u>Vurdering:</u> I denne saka er det også aktuelt å gjera vedtak om to sidenamn, sidan staden ligg på kommunegrensa mellom Vinje og Ullensvang kommune, som har ulike dialekttrekk, jf. vurderinga for namneleddet <i>Ura-</i> og <i>Ure-</i> på løpenr. 30. Det som må vurderast i tillegg er om namnet i Vinje skal skrivast med <i>-vass-</i> eller ikkje. Det er kome ynskje frå Rauland historielag om skrivemåten med namnelekken <i>-vass</i> , og denne skrivemåten er såleis også nytta i dei skriftlege kjeldene. På dette grunnlag fastset Kartverket sidenamna <i>Urabekken</i> og <i>Urevassbekken</i> , jf. uttaleopplysingane, skrifttradisjonen og lokale ynskje, jf. §§ 1 og 4 i lov om stadnamn.</p>

792870	35	<i>Urevatn / Urvatn / Urdevatnet</i>	Urevatn - Ligg i Vinje kommune ved Grasnutane	Vatn	<p><u>Uttale:</u> I Kjell Venås si bok <i>Norske innsjønamn IV Telemark fylke</i> er uttalen /u:ˈrəvatn/ notert på side 414.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>Urdevatn</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Urdevatnet</i> nytta i utgåva frå 1971, medan <i>Urevatn</i> er nytta i 1994, 1995 og 2007.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Urevatn</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Urevatn</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> I denne saka må det fyrst vurderast om førelekken i namnet skal skrivast <i>Ur-</i> eller <i>Urd-</i>, om etterlekken skal ha bunden eller ubunden form og om namnet skal skrivast med samanbindingsvokalen <i>-e</i> - eller ikkje. Skrivemåten med <i>Urd-</i> i førelekken av namnet er nytta i alle dei skriftlege kjeldene, men skrivemåten er ikkje i samsvar med den noterte uttalen hjå Venås. Det er kome ynskje om skrivemåten av førelekken i namnet med <i>Ur-</i> frå historielaget. I punkt 2 i dei utfyllande reglane står det fylgjande: "bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtallsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregelen rette seg etter den nedarvde lokale uttalen". Skriftforma i ubunden form er nytta i både kartet Hardangervidda, kartserien Norge 1:50 000 og samsvarar med den noterte uttalen hjå Venås. I punkt 6 står det at [e]in bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen. I boka hjå Venås og i samtlege av dei skriftlege kjeldene nemnde ovanfor er samanbindingsvokalen <i>-e-</i> nytta .</p>
792870	35			Vatn	<p>Kartverket fastset skrivemåten <i>Urevatn</i> i samsvar med lokalt ynskje, uttaleopplysingane og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 2 og 6 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.</p>

489875	36	Urdevassbekken	Urevassbekken - Ligg i Vinje kommune ved Mørunuten	Bekk	<p><u>Skrifttradisjon:</u> I Kartserien Norge 1:50 000 er <i>Urdevassbekken</i> nytta i utgåvene frå 1971 og 2007, medan me finn skrivemåten <i>Urevassbekken</i> i 1994 og 1995.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Urevassbekken</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Urevassbekken</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Når det gjelder vurderinga av om førelekken skal skrivast <i>Ur-</i> eller <i>Urd-</i> og namnet skal ha samanbindingsvokal eller ikkje, sjå vurderinga på løpenr. 35. Kartverket sluttar seg til tilrådinga frå Språkrådet og vedtek skrivemåten <i>Urevassbekken</i> i samsvar med lokalt ynskje, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane.</p>
4583	37	Urdenuten / Urenuten	Urenuten - Ligg i Vinje kommune ved Jervskarnuten	Topp	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /u`renuten/ registrert.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Urdenuten</i> nytta gjennomgåande i utgåvene frå 1984, 1993, 2004 og 2013.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Urenuten</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Urenuten</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Når det gjelder vurderinga av om førelekken skal skrivast <i>Ur-</i> eller <i>Urd-</i> og namnet skal ha samanbindingsvokal eller ikkje, sjå vurderinga på løpenr. 35. Kartverket sluttar seg til tilrådinga frå Språkrådet og vedtek skrivemåten <i>Urenuten</i> i samsvar med uttaleopplysingane og lokalt ynskje, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane.</p>

429765	38	Filleherbergvatnet (oppslagsnr. 1081313) / Sakrisvatn	Sakrisvatn	Vatn	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /fill`hærberrvatn/ registrert. Førelekken i namnet er /fill`ehærbe`rji/, /fill`hærbe`rji/ «Ei gamal steinbud attmed Fillherbergvatn». I Kjell Venås si bok <i>Norske innsjønamn IV Telemark fylke</i> er uttalen -vatni som etterledd for namnet Filleherbergvatnet registrert, medan førelekken blir forklart ved «at ein viss <Askuvsson [...] hadde mura hus [...] ved vatnet» på side 140.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten ned Filleherbergvnt. I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten Filleherbergvnt. nytta i 1969, medan Filleherbergvatnet er nytta i utgåvene frå 1994, 1997 og 2006.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Tor Helge Haara Tjemsland skriv i i brev datert 25.05.2021 at "Det vert bekrefta frå alle kjeldene, at namnet på vatnet er Sakrisvatn. På spørsmål på kva årsaka til at det står Filleherbergvatn på kartet, seier ei av kjeldene at dette var namnet på "løkane" i elva mellom Nedsta Hedlevatn og Sakrisvatnet. Fleire av kjeldene meiner å ha høyrte det same når dei vert fortalt dette."</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv mellom anna i deira tilråding at "Opplysninga synest samsvarande med ovannemnde kjelder, også slik at fleirtalsforma då viser til dei nemnde «løkane» mellom vatna." Dei tilrår skrivemåten Sakrisvatn.</p>
--------	----	---	-------------------	------	---

429765	38			Vatn	<p><u>Vurdering:</u> I e-brev datert 17.11.2020 og brev datert 14.08.2021 frå leiar i Vinje avdeling av Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, Johan Vaa, kjem det fram at "[...] desse har bytt namn på kartet. Ved det øvre er ein liten heller som det så vidt er råd å sitje i, eit rettleg filleherberg.". Med bakgrunn i dei opplysingane som kjem fram frå Johan Vaa og i brev frå Tor Helge Haara Tjemsland har me no flytt namnet <i>Filleherbergvatnet</i> ved "løkane" i elva mellom Nedre Hellevatn og Sakrisvatn. I denne saka må difor namnet, skrivemåten og plasseringa av <i>Sakrisvatn</i> vurderast. Ut frå opplysingane om både skrivemåte og plassering i høyringsfråsegna er namnet på vatnet 1149 moh. <i>Sakrisvatn</i> . Me sluttar oss difor til tilrådinga frå Språkrådet og fastset skrivemåten <i>Sakrisvatn</i> i samsvar med lokalt ynskje.</p>
1082319	39	<i>Sakrisbu</i>	<i>Sakrisbu</i>	Annan terrengdetalj (hole i ei steinur)	<p><u>Uttale:</u> Heradsregisteret har registrert uttalen /sakk`rísbú/, og det står mellom anna i merknaden "Staden kallast nu vanleg Sakkrishytta, som tydeleg er eit yngre namneskap en Sakkrisbud." "Fyrste lekk i namnet kan vera stytting av mannsnamnet Sakarias. Men dette namnet er ikkje kjent frå Vest-Telemark. Namnet er difor truleg samansett med eit eldre namn *Sakkris(et) av ein sakk, søkk, seil i lendet og eit ris, høgdekant". På eit anna arkivkort er namnet berre forklart som mannsnamnet.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kartet Hardangervidda 1:200 000 frå 1958 nyttar skrivemåten <i>Sakrisbu</i> . I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Sakrisbu</i> nytta i utgåvene frå 1994, 1997 og 2006.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Skrivemåten <i>Sakrisbu</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Sakrisbu</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av namnet synst uproblematisk og er soleis også nytta i Norge 1:50 000. Kartverket sluttar seg til tilrådinga frå Språkrådet og fastset skrivemåten <i>Sakrisbu</i> i samsvar med skrifttradisjonen og lokalt ynskje.</p>

1082320	40	<i>Sakrisnuten</i>	<i>Sakrisnuten</i>	Topp	<p><u>Skrifttradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Sakrisnuten</i> nytta i utgåvene frå 1994 og 1997.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Skrivemåten <i>Sakrisnuten</i> kjem fram i innspelet frå Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Sakrisnuten</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av namnet synst uproblematisk og er soleis også nytta i Norge 1:50 000. Kartverket sluttar seg til tilrådinga frå Språkrådet og fastset skrivemåten <i>Sakrisnuten</i> i samsvar med skrifttradisjonen og lokalt ynskje.</p>
488766	41	<i>Kostveit</i>	<i>Kostveit</i>	Namnegard - Fellesnamn for gard 50 og 51	<p><u>Uttale:</u> I <i>Norske Gaardnavne</i> er gnr. 50 og 51 registrert som <i>Kostveit søndre</i> og <i>nordre</i> og med uttalen /kó:´stveit/. Føreleken i namnet er ikkje sikkert tolka. Heradsregisteret har registrert uttalane /kó:´stveit/, /kó`stveit/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Eldre skrivemåtar av namnet er <i>a Kossætiedh</i> , <i>Kossetiedh</i> (1495), <i>Kostuedt</i> (1570), <i>Kogttued</i>, <i>Kostued</i>, <i>Kasthued</i> (1585), <i>Kostvedt</i> (ASt. 84), <i>Kostued</i> (1593), <i>Koerstueidt</i>, <i>Korstued</i> (JN. 373), <i>Kostued</i> (1612), <i>Kaasthued</i> (1602), <i>Kostuedt søndre</i> og <i>nordre</i> (1665) og <i>Koestved søndre</i> og <i>nordre</i> (1723), slik det går fram av <i>Norske Gaardnavne</i> . I 1886- og 1906-matriklane er gardsnamna skrive <i>Kostveit søndre</i> og <i>Kostveit nordre</i> , meddan i matrikkelutkastet frå 1950 finn me skrivemåten <i>Kostveit</i> (gard 50) og <i>Kostveit nordre</i> (gard 51). I dagens matrikkel er gardsnamna skrive henholdsvis <i>Kostveit søndre</i> og <i>Kostveit nordre</i> . Økonomisk kartverk frå 1968 nyttar skrivemåtane <i>Sudigard-Kostveit</i> og <i>Nordigard-Kostveit</i>. Fyrsteutgåve av kartserien Norge 1:50 000 frå 1952 nyttar skrivemåten <i>Korstveit</i> , medan me i utgåvene frå 1970, 1991 og 2006 finn skrivemåten <i>Kostveit</i> .</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Det er ikkje kome inn nokon høyringsfråsegner for gardsnamna.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Kostveit</i> i samsvar med uttalen for gard 50.</p>

488766	41			Namnegard - Fellesnamn for gard 50 og 52	<p><u>Vurdering:</u> <i>Kostveit</i> er fellesnamn for gnr. 50 <i>Søndre Kostveit</i> og gnr. 51 <i>Nordre Kostveit</i>. I § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn står det at "Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk." Me er samde med Språkrådet i deira vurdering, og skrivemåten <i>Kostveit</i> er også nytta gjennomgåande i dei skriftlege kjeldene (jf. ovanfor). Kartverket fastset skrivemåten <i>Kostveit</i> som fellesnamn for gard 50 og 51 i samsvar med uttaleopplysingane, skriftradisjonen og Språkrådet si tilråding, jf- § 4 fyrste ledd i lova.</p>
271591	42	<i>Sudigard Kostveit / Søndre Kostveit</i>	<i>Søndre Kostveit</i>	Gard 50	<p><u>Uttale:</u> jf. løpenr. 41. <u>Skriftradisjon:</u> jf. løpenr. 41. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Kostveit</i> i samsvar med uttalen. Dei skriv at "Kva som er uttalen i dag, er ikkje opplyst, men når <i>Sudigard</i> ligg føre som alternativ ved sida av den meir standardiserte forma <i>Søndre</i>, er det all grunn til å tru at førstnemnde er den tradisjonelle forma. Forma er også brukt andre stader i kommunen." <u>Vurdering:</u> Gardsnamnet fylgjer vedtaket om <i>Kostveit</i> i namnegardsnamnet, jf. vurderinga på løpenr. 41. Det som må vurderast i tillegg er om variasjonstillegget skal skrivast <i>Sudigard</i> eller <i>Søndre</i>. Namnet <i>Sudigard</i> knyter seg serskilt til bruk 50/1, og ikkje til matrikelgarden med gnr. 50 i og for seg. Matrikelgardsnamnet er truleg eit reint skriftnamn, og der er det difor mest naturleg å leggja skriftradisjonen til grunn for skrivemåten. <i>Søndre Kostveit</i> vert fastsett i samsvar med skriftradisjonen, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>

1082598	43	<i>Sudigard Kostveit / Søndre Kostveit</i>	<i>Sudigard Kostveit</i>	Bruk 50/1	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er namnet Sudigard Kostveit og uttalen /su`igar kó`stveit/ registert med merknaden "Gardtal 50,1 i grende Kostveit."</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Jf. løpenr. 41. I dagens matrikkel er namnet skrive <i>Kostveit Søndre</i> .</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Sudigard Kostveit</i> . Dei skriv at "Kva som er uttalen i dag, er ikkje opplyst, men når Sudigard ligg føre som alternativ ved sida av den meir standardiserte forma <i>Søndre</i>, er det all grunn til å tru at førstnemnde er den tradisjonelle forma. Forma er også brukt andre stader i kommunen."</p> <p><u>Vurdering:</u> jf. vurderinga på løpenr. 42. Det som må vurderast i tillegg er om variasjonstillegget skal skrivast <i>Søndre</i> eller <i>Sudigard</i>. Skrivemåten <i>Søndre</i> er nytta i dei historiske matriklane, men er ikkje i samsvar med den registrerte uttalen i heradsregistrert. I § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn kjem det fram at "Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk." Kartverket vedtek variasjonstillegget <i>Sudigard</i> i samsvar med uttalen og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
---------	----	--	---------------------------------	-----------	--

1082599	44	<i>Sudigard Kostveit Vatsrett</i>	<i>Sudigard Kostveit vassrett</i>	Bruk 50/14	<p><u>Skrifttradisjon:</u> I dagens matrikkel er bruksnamnet skrivne <i>Sudigard Vatsrett Kostveit</i> .</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv mellom anna følgjande i deira tilråding: "Forma <i>vatsrett</i> er å rekne som ei eldre «sideform» av <i>vassrett</i> , som i dag er gjeldande rettskriving. Forma <i>vatsrett</i> blei nytta noko i første halvdel av 1900-talet, både i tydinga 'rett til vatn' og 'horisontalt'. Sidan ordet her er knytt til historikken for det konkrete bruket, er vi opne for å bruke <i>vatsrett</i> . Ordet må skrivast med liten forbokstav."</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. vurderinga på løpenr. 42. Ordet <i>vassrett</i> er eit funksjonsord, og må fylgja mållova. Gjeldande rettskrivingsform av ordet <i>vatsrett</i> er <i>vassrett</i> . Skrivemåten <i>Sudigard Kostveit vassrett</i> vert fastset i samsvar med skrifttradisjonen, Språkrådet si tilråding og gjeldende rettskriving.</p>
	45	<i>Søndre Kostveit</i>	<i>Utgår</i>	Bruk 50/18	Namnet er skrivne <i>Bøygen</i> i gamal grunnbok og vedtaket utgår.
695545	46	<i>Nordigard Kostveit / Nordre Kostveit</i>	<i>Nordre Kostveit</i>	Gard 51	<p><u>Uttale:</u> Jf. løpenr. 41.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Jf. løpenr. 41.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv følgjande i deira tilråding: "Kva som er uttalen i dag, er ikkje opplyst, men når <i>Nordigard</i> ligg føre som alternativ ved sida av den meir standardiserte forma <i>Nordre</i> , er det all grunn til å tru at førstnemnde er den tradisjonelle forma. Forma er også brukt andre stader i kommunen." Dei tilrår skrivemåten <i>Nordigard Kostveit</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Gardsnamnet fylgjer vedtaket om <i>Kostveit</i> i namnegardsnamnet, jf. vurderinga på løpenr. 41. Det som må vurderast i tillegg er om variasjonstillegget skal skrivast <i>Nordigard</i> eller <i>Nordre</i> . Namnet <i>Nordigard</i> knyter seg serskilt til bruk 51/2, og ikkje til matrikelgarden med gnr. 51 i og for seg. Matrikelnamnet er truleg eit reint skriftnamn, og der er det difor mest naturleg å leggja skrifttradisjonen til grunn for skrivemåten. <i>Nordre Kostveit</i> vert fastsett i samsvar med skrifttradisjonen, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>

392600	47	<i>Nigard Kostveit / Nordre Kostveit</i>	<i>Nigard Kostveit</i>	Bruk 51/1	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /ni gar kó`stveit/ registrert med merkanden "Gardtal 51,1 i grende Kostveit. Nigard er utskild på Nordigard Kostveit i 1833."</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I matrikkelen frå 1905, matrikelutkastet frå 1950 og dagens matrikkel er skrivemåtem <i>Kostveit nordre</i> nytta. På økonomisk kartverk frå 1968 er <i>Nigard Kostveit</i> nytta.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Nigard Kostveit</i>, og skriv at " Utmerkingsleddet <i>Nigard</i> er i <i>Norske Gaardnavne</i> (b. 12, s. 268) forklart som «ne' i Garde», og det er grunn til å tru at <i>Nordre</i> er nytta som ei standardisert og feiltolka form av dette."</p> <p><u>Vurdering:</u> Gardsnamnet fylgjer vedtaket om <i>Kostveit</i> i namnegardsnamnet, jf. vurderinga på løpenr. 41. Det som må vurderast i tillegg er om variasjonstillegget skal skrivast <i>Nordre</i> eller <i>Nigard</i>. Skrivemåten <i>Nordre</i> er nytta i dei historiske matriklane, men er ikkje i samsvar med den registrerte uttalen i heradsregistrert eller skriftforma i økonomisk kartverk. I § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn kjem det fram at "Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk." Kartverket vedtek variasjonstillegget <i>Nigard</i> i samsvar med uttalen og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
--------	----	--	-------------------------------	-----------	--

	48	Nordre Kostveit / Flåtåkelskall	Nordigard Kostveit	Bruk 51/2	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er namnet Nordigard Kostveit og uttalen /nó`rigar kó`stveit/ registert med merknaden "Gardtal 51,2 i grende Kostveit."</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I matrikkelen frå 1905 er bnr. 1 skrive <i>Kostveit nordre</i> . I matrikkelutkastet frå 1950 har bnr. 2 namnet <i>Kostveit nordre</i> med <i>Flatåkerskallen</i> og <i>Kostveit Nordre/Flåtåkelskall</i> i dagens matrikkel.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Nordre Kostveit</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> Gardsnamnet fylgjer vedtaket om <i>Kostveit</i> i namnegardsnamnet, jf. vurderinga på løpenr. 41 og 46. Det som må vurderast i tillegg er om variasjonstillegget skal skrivast <i>Nordre</i> eller <i>Nordigard</i> . Skrivemåten <i>Nordre</i> er nytta i dei historiske matriklane, men er ikkje i samsvar med den registrerte uttalen i heradsregisteret. I § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn kjem det fram at "Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk." Variasjonstillegget <i>Nordigard</i> vert fastset i samsvar med uttaleopplysningane, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
	49	<i>Kostveit</i>	utgår	Bruk 51/2/1	Namnet utgår frå eigedomen 15/2/1.
	50	<i>Kostveit</i>	utgår	Bruk 51/2/2	Namnet utgår frå eigedomen 15/2/2.

549613	51	<i>Kostveitvatnet / Kostveitvatn</i>	<i>Kostveitvatnet</i>	Vatn	<p><u>Uttale:</u> I Kjell Venås si bok <i>Norske innsjønamn IV Telemark fylke</i> er namnet skrive <i>Kostveitvatn</i> på side 75 og Kostveitvatnet med uttalen /koss´tveitvatnə/ på s. 236.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> I kartserien Norge 1:50 000 er skrivemåten <i>Kostveitvatnet</i> brukt gjennomgåande i perioden 1984-2013.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Skrivemåten <i>Kostveitvatn</i> er notert i innspelet frå både Rauland fjellstyre og Rauland historielag.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Kostveitvatn</i> .</p> <p><u>Vurdering:</u> I punkt 2 i dei utfyllande reglane står det fylgjande: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." . Skriftforma <i>Kostveitvatnet</i> i bunden form er nytta i alle utgåvene av kartserien Norge 1:50 000 og skrivemåten er i samsvar med den registrerte uttalen hjå Venås. I § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn kjem det fram at "Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk." Skrivemåten <i>Kostveitvatnet</i> vert fastset i samsvar med skrifttradisjonen og uttaleopplysningane, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>
	52	<i>Kostveit</i>	<i>Kostveit</i>	Grunnkrins	

1081313	53	Filleherbergvatnet / Filleherbergvatni	Filleherbergvatni	Vatn	<p><u>Uttale:</u> I heradsregisteret er uttalen /fill`hærbærrvatn/ registrert. Førelekken i namnet er /fill`ehærbe`rji/, /fill`hærbe`rji/ «Ei gamal steinbud attmed Fillherbergvatn». Heradsregisteret har òg registrert namna Fillherbergbekken /fill`hærbærrbekkjen/ og Fillherbergtjørne /fill`hærbærrtjønne/. I Kjell Venås si bok <i>Norske innsjønamn IV Telemark fylke</i> er uttalen /fil`læhbærvatni/ registrert med -vatni som etterledd, medan førelekken blir forklart med «av gno herbergi n 'gjestehus' og eit fille-, som kan vere nyno f 'klut, sundrive tøyestykke' med nedsetjande meining. Han nemner at Aasen skriv: "I Sammensætning med et følgende Ord betegner "Fille" noget ubetydeligt, usselt ...". Venås legg til at særleg om namnet er gamalt, kan ei anna tolking av fyrstelekken vera mogleg: gno. *filli n 'fjell', som er avleitt av gno fell, sideform til fjall n.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> jf. løpenr. 38.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> jf. løpenr. 38.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv mellom anna i si tilråding at "Uttaleopplysningane er noko sprikjande, og Venås' fulle oppførte form er /fil`lehærbærvatni/, altså med -e-, som hos Venås er skriven som såkalla «schwa» (ə), noko som inneber at vokalkvaliteten er nøytralisert i trykklett stilling. [...] Det synest rimeleg å leggje vekt på uttaleopplysninga til Venås og med det tilrå skrivemåten</p> <p><i>Fille</i> -, som også førekjem i uttalevarianten /fill`ehærbe`rji/ i Heradsregisteret. Det neste leddet bør helst skrivast <i>-herberget/-herberg</i> -. Dette er eit opphavleg lånord frå lågtysk, som førekjem allereie i gammalnorsk i forma <i>herbergi</i> (normert), og ved å skrive dette i samsvar med rettskrivinga unngår ein å skjule meiningsinnhaldet.</p>
---------	----	---	--------------------------	------	--

1081313	53			Vatn	<p><u>Forts. tilråding:</u> Når det gjeld sisteleddet <i>vatnet/vatni</i>, kan ein merke seg at Venås har oppslagsforma <i>Filleherbergvatnet</i> (eintal), som står i motsetnad til uttaleforma der sisteleddet er skrivi /-vatni/ (fleirtal). Skilnaden har å gjere med at namnet har vore kartfesta på det større vatnet som har fått tilrådd skrivemåte <i>Sakrisvatn</i> (kartopplysninga er oppgitt slik av Venås: «1414d 05-47»), og at Venås ikkje har vore kjend med at det skal ha vore «namnet på "løkane" i elva mellom Nedsta Hedlevatn og Sakrisvatnet». I lys av dette blir det forståeleg at namnet har fleirtalsforma i uttalen, altså /vatni/, sidan ein siktar til fleire «løkar»." Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Filleherbergvatni</i>.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av namnelekkjen <i>Filleherberg-</i> er i samsvar den uttaleforma og forklaringa hjå Venås. Me er einige med Språkrådet og sluttar oss til deira tilråding i saka. Når det gjeld etterlekkjen i namnet opnar punkt 4.1.2 i dei utfyllande reglane for endinga <i>-i</i> når det samsvarar med dialektuttalen. Me kan soleis òg sjå ved oppslag i Sentralt stadnamnregister (SSR) at nokre andre naturnamn har endinga <i>-vatni</i> i kommunen (<i>Årnotvatni</i>, <i>Vassdalsvatni</i>). Skrivemåten <i>Filleherbergvatni</i> vert fastsett i samsvar med uttaleopplysningane, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>
	54	<i>Filleherberget</i>	<i>Filleherberget</i>	Berg	<p><u>Uttale:</u> jf. løpenr. 53.</p> <p><u>Tilråding:</u> Jf. løpenr. 53. Språkrådet tilrår skrivemåten <i>Filleherberget</i>.</p> <p><u>Vurdering:</u> jf. vurderinga på løpenr. 53. Ut frå opplysningane i heradsregistrert kan det sjå ut som utalen er ei fleirtalsform, /-hærbe´rji/. Men når me ser på mønsteret med at namna med uttalen /-berji/ i Vinje i heradsregisteret er normert som <i>-berget</i>, viser det seg at uttalen kan representera eintal, og eintalsform er mest logisk her. Skrivemåten <i>Filleherberget</i> vert fastsett i samsvar med skrifttradisjonen og uttaleopplysningane, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn.</p>